

Fra: Tonje Nepstad Epland
Sendt: 15. desember 2014 11:09
Til: 'tfaestveit@me.com'
Emne: SV: Ang. campingrapporten

Hei

Gjeldande reguleringsplan for Havgard Fjordferie opnar ikkje for spikertelt. Sjå plandokument for gjeldande reguleringsplan her: [plankart](#) og [planføresegner](#).

Eigar av Havgard Fjordferie har starta arbeid med omregulering av campingplassen. Kommunen venter på eit planframlegg som vil verte handsama våren 2015. Det vil ikkje vere tenleg å handsama ein skilde søknader om spikertelt før den nye reguleringsplanen er vedteke. Kommunen rår difor til at dykk venter med søknaden.

Når reguleringsplanen er vedtek vil dette vere ein alminneleg byggesøknad. Skjema finn dykk på www.dibk.no. Tiltaket skal nabovarslast. Naboliste får dykk på postmottak@radoy.kommune.no. Tiltaket må teiknast inn på eit kart. Kart kan dykk skrive ut frå www.nordhordlandskart.no eller få på postmottak.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning/Juridisk rådgjevar

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no



Fra: Postmottak Radøy
Sendt: 15. desember 2014 09:08
Til: Tonje Nepstad Epland
Emne: VS: Ang. campingrapporten

Fra: Bogen Studio [<mailto:tfaestveit@me.com>]

Sendt: 13. desember 2014 18:09

Til: Postmottak Radøy

Emne: Ang. campingrapporten

Hei, vi på Havgard fjordferie har forstått det slik at vi må søkje om å byggje spikertelt.

Vi ønsker hjelp til kor vi søker eller korleis vi søker. Ka papirer må vi ha og kor får vi tak i papirene. Fins det link til noko vi kan fylla ut på nettett. Må vi har f.eks reguleringsplan eller kart, kor får vi dette osv. Vi treng guiding på korleis vi gjer dette og i ka rekkje følge?

Kan dykk hjelpa oss med dette?

Mvh

Trygve Olav Farestveit

www.bogenstudio.no